

- Skulle tippa slaktevekta

03.07.2008

Reaksjonane etter at vi la ut biletet teke utanfor Slaktehuset i 1959 let ikkje venta på seg. Einar Gjertsen hugsar godt den dagen då stuten Stolpestad skulle slaktast.

Einar var ein av gutungane som var der og imponerte såg dette store dyret.

Han hugsar og at det var tillyst ein konkurranse der ein skulle tippa slaktevekta på stuten. Han meiner å hugsa at Amanda Holmedal, mor til Harald, var den som kom nærast og dermed vant.

Einar Gjertsen kan også identifisera bilane i bakgrunnen sjølv om biletet slett ikkje er det beste. Han trur å gjenkjenna Skoda 1955 som Magne Rød eigde, vidare Chevrolet 1933 tilhøyrande Sigurd Wang og endeleg Bedford lastebil 1957 som Arne Eik var eigar av.

Av Ola Matti Mathisen